



Mads Rio
Vangsgata 45
5700 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2989 - 19/27010

Saksbehandlar:
Inger Marie Jordal
Inger.Marie.Jordal@lindas.kommune.no

Dato:
10.09.2019

Svar ang. veg/ tilkomst i Kvamsvågen

Viser til e-post frå deg, sendt tysdag 27. august 2019.

Lindås kommune har avtale med grunneigarane om å overta vegarealet på den nye vegen. Føremålet er å sikre at friområdet i Kvamsvåg skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Vi har og kjøpt opp noko areal til parkering, og fått etablert to handicap-parkeringsplassar heilt nede i vågen.

Vi har forståelse for at det er vanskeleg for deg å nytte sjøbua når det ikkje er noko parkering knytt til denne. Samstundes blir det feil om hytteeigarar/nausteigarar i området tek dei parkeringsplassane som kommunen har kjøpt opp til bruk for ålmenta som nyttar friområdet. Vi har difor ikkje tillete det.

Vi har i byggesakene varsla dei næraste naboene ut frå varslingskrav, og kan ikkje sjå at du er eigar av dei eigedommane som er direkte råka av tiltaka. Vi kan heller ikkje sjå at du har vegrett på den sida av elva som vegen går. I reguleringsplanen frå 2011 er det vist ein annan tilkomstveg til din eigedom.

Vi kan gjerne ta eit møte. Ber om at du på førehand oversender dokumentasjon på vegrett på det strekket der vegen er etablert.

Foreslår eit møte **fredag 20. september kl. 13.00 på rådhuset i Knarvik**. Ber om ei snarleg tilbakemelding dersom tidspunktet ikkje passar.

Med helsing

Line M. Valle
konstituert einingsleiar

Inger Marie Jordal
prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Line Merete Valle

Mottakarar:

Mads Rio

Vangsgata 45

5700

VOSS